


Bjørnefjord PEGGEN



Medlemsblad nr. 2

Desember 2004. Årgang 8

10-års Jubileumsutgave



ÅRSMØTE: 14. februar - 2005 kl. 19.00

10 års jubileum

AV SAMSON BJØRKE

DEI 5 FØRSTE ÅR MED BJØRNEFJORDEN GOLFKLUBB

Klubben er 10 år. 14.november 1994 blei den stifta og meld inn i Hordaland idrettskrins. 17. mars 1995 blei han oppteken i Noregs golfforbund som prosjektklubb.

Ca 30 sjeler møtte fram i Gamlestova på Bjørnefjorden Gjestetun for å vera fødselshjelp. Det var ikkje store ord som blei nytta om kva mål ein hadde for framtida. Men noko av det viktigaste som kom fram i diskusjonen, var at ein ville laga ein driving range i løpet av våren, og skulle vi vera så heldige å kapra 150 medlemmer tok vi mål av oss til å laga ein 6 hols bane, og sidan utvida den til 9 hol.

Landbruksjef Julke i Os var med på møtet; han såg ingen konflikt ut frå lovverket, om ein fekk ein leigeavtale for jorda på inntil 10 år, noko han fekk munnleg støtte for frå fylkeslandbrukskontoret.

Det andre viktige ønskje, var at det skulle bli ein bygde og kulturbane, og dugnad skulle vera framdrifta for utviklinga, forutan medlemspengar, aksje sal og sponsormidlar, om nokon hadde tru på oss.

Det tredje viktige punktet skulle vera at ein skulle satsa på dei unge, og vera svært rimelege vedkomande medlemspengar, slik at vi ikkje stengde nokon ute på grunn av økonomi.

STØTTE I STARTEN

At tidlegare idrettskameratar som Johs. Bruvik og Trond Mohn hadde tru på oss og generøst bladde opp sekssifra beløp før spaden vart sett i jorda, er og bør klubben vera svært takksam for. For oss som stod i spissen, var dette heilt avgjerande for ein god start.

Likeeins at Hans Robert Antonissen sponsa oss med treningsballar til driving range.

Etterkvar som banen utvikla seg, kom fleire bedrifter til som lova oss årlege tilskot. Vi bør i denne samanheng med takk nemna Grillmel A/S, Søfteland som gav oss 50.000.- kr. Uten reklame, men ut i frå golfinteresse og ønskje om å støtta lokalt initiativ.

Grunneigarane stilte med sine jordbruksmaskiner, og entreprenørar som Villy Grindenvoll og Arne Håkon Rød kom med gravemaskiner.

VÅRE FØRSTE HJELPARAR

Bergen Golfklubb blei vår fadderklubb. Johan Horn og Fred Fredhøy gjekk gjennom banetraseen, og kom med kommentarar. Deira kroppsspråk tilsa at dei var ikkje heilt overbeviste om tiltaket!

Per Eide og Inger Gerny Lind frå Bergen Golfklubb heldt dei første grønt kort kurs i Os 1995/1996.

Bergen Golfklubb let oss spela på sin bane for halv grenfee, og vi hadde ein sunn og god kontakt til vi fekk godkjent vår 6 hols bane 23.august 1996, og blei sjølvstendige med eigne grønt kort kurs.

Trond N. Hansen og deretter Arne Totland var våre første utdanna lærarar og heldt fleire kurs, før andre kom til.

Bjørnefjorden Gjestetun tok på seg det daglege sekretærarbeidet dei første åra, og alle arrangement som generalforsamling,

medlemsmøte, styremøte og kurs blei haldne der.

Sumaren 1995, då Jeff Dixon og Andrew Hall trena klubben om søndagane, fekk dei sin lunch der.

Besøkjande frå Noregs Golfforbund, golfarkitekt Eia med fleire som tok del i utviklingsarbeidet budde der.

Gjestetunet heldt og slårteutstyr dei 2 første åra til ut i august 1996, då vi såg oss råd å kjøpa sjølve.

Alt dette utan vederlag.

DUGNADSARBEID

Mars 1996 blei avtalen med grunn-eigarane Synnøve og Samson Bjørke, Inger og Norvald Kobbeltvedt og Ingfrid og Karl Lyssand underskriven og gjaldt for 10 år, noko som straks utløyste stor aktivitet på banen.

Forutan den dyrka jorda var det fleira "botnlause" myrar og skogholte som blei

omgjord til finaste fairways. Greenane blei bygd etter "jordforbetttingsprinsippet"; det vil seia den beståande jorda blei innblanda med spesialsand, og tilsådd med rett frø blanding. I dag består 7 av dei 9 opphavlege greenane.

Svært mykje av dette er gjort gjennom dugnad. Medlemmene stilte villig opp med reiskap og arbeidslyst, og det var fart og iver over det heile.

Av og til tenker ein tilbake, og lurer på kva all arbeidskrafta kom frå. Men alle såg for seg målet, og ikkje minst dei eldre såg fram til ein høveleg sport.

Fleire medlemmer hadde hundrevis av timer ute i kaldvæte og snøvêr dei første vintrane. Skog skulle hoggast og grøfter gravast, mark pløyast, pas brennast og strangar fjernast.

Det blei nedsett dugnadsansvarleg for kvar banetrase, noko som fungerte godt.



Nydelig vinterstemning på Bjørnefjorden.

Bane 1 : Sjur Veim

Bane 2 : Samson Bjørke

Bane 3 : Jan Hjelle

Bane 4 : Paul Hægland

Bane 5 : Per Fosse

Bane 6 : Oddvar Olsen

Bane 7 : Svein Olav Hansen

Bane 8 : Dagfinn Hatvik

Bane 9 : Hans Kristian Borgen

Vinteren 1997 skaut ein vekk to høgdedrag på bane 4; og ca 700m³ med stein blei gevna ut og påfylte med jord frå vassdammen på bane 5. året etter blei det same gjort i dalen på bane 8. her ligg ca. 1m med pukk under torva. Sumaren 1997 var den 9 hol store banen speleklar, og medlemstalet passerte 500.

For å finansiera arbeidet, selde klubben partsbrev til kr. 5000.- som gav fritt spel livet ut, og partsbrev til kr. 7000.- som kunne overdragast.

Midt i utearbeidet planla ein tilrettelegging av klubbhus i løa til Synnøve og Samson Bjørke.

I 1997/1998 fekk styret utarbeidd teikningar gjennom ABO, og eigen byggekomité nedsett. Den besto av Arne Håkon Rød, Agnar Skåtun, Hans Kristian Borgen, Oddvar Olsen, Stig Nilsen og Jan Hjelle. Dei gjorde eit grundig og vel gjennomtenkt arbeid.

Klubben er stor takk skuldig Agnar Skåtun og Hans Kristian Borgen for høvesvis levering av trematerialar og betong til ein svært god pris.

Til sesongen 1998 stod klubbhuset klart, og har vist seg å vera svært tenleg. Dette var eit stort økonomisk løft.

Og som personleg økonomiske garantistar for lån stilte Agnar Skåtun, Svein Olav Hansen og Samson Bjørke opp.

Oktober 1996 kunne ein presentera "Bjørnefjorden Golfklubb- prosjekt 1996-97" for våre samarbeidspartnerar og sponsorar. I 1997 fekk ein utarbeidd konsekvensutgreiing for myndighetene.

Fylkeslandbruksnemnda og fylket si

miljønemnd var på besøk, forutan arkeolog som gjekk gjennom traseen og gav uttrykk for sitt syn.

Vi hadde ikkje råd til maskinpark dei to første åra, så vi hyrde inn barn frå heile Os til å plukke ballar på driving rangen. Som løn fekk dei fritt spel, eller lommepengar. Ein av dei aller flittigaste i dette arbeidet og som nyttta løna til fritt spel, var då 11-12 år gamle Øystein Engevik, som i fjor blei vår første landslagspelar.

Medlemmene stilte opp og leia trening administrasjon på bane og driving range.

KLUBBARBEID

Første styret besto av:

Samson Bjørke, formann

Kjell Aarbakke, nestformann

Stig Endre Nilsen, sekretær

Øystein Bjørgo, kasserar

Inger Kobbeltvedt, styremedlem

Fram til 1999 kom også Agnar Skåtun, Dagfinn Hatvik, Erik Just Olsen og Elbjørg Stor-Re. Eva Mostraum og Eivind Storhaug med i styret etterkvart som andre gjekk ut.

Den første handlingsplanen, utarbeidd av Kjell Aarbakke, blei lagt fram for styret allereie 20.februar 1995. Utkast til 6 hols bane blei vedtatt, og banen var klar til bruk på førsommaren 1995.

Budsjettet for 1996 var på kr.195.000.-

Noko av tala fortel oss litt om kva innsats medlemmene må ha gjort:

Administrasjon og fellesutgifter kr. 15.000,-

Anleggskostnader og arbeid m/bane kr. 80.000.-

Innkjøp av maskiner/utstyr til bane kr. 55.000.-

Driftskostnader på/med bane .. kr. 40.000.-

Styret fungerte som bane komité, og hadde representant i alle utval.

Dei første utvalsleiarane var: Turnering, Odd Sigurd Hansen, miljø Elbjørg Stor-Re, Margot Hjelle, barn og ungdom, Inger



Herr og fru Namtvedt og Elin Gullaksen ved den offisielle åpningen.

J.Prestvold / Odd Sigurd Hansen;
seniorgolf Trond Hansen, grønt kort og
handicaputval, Arne Totland, dame komité
Eldbjørg Stor-Re.

Vår første dommar utdanna var Trond
Hansen.

Frå sommaren 1996 blei Andrew Hall
tilsett som pro, og frå 1998 Brian Young
som green keeper.

Treningsfeltet blei offisielt opna 1. juli
1995 av ordføraren i Os Annlaug Tysseland
og ordførar Brigt Olav Gåsdal frå
Samnanger. Då ordføraren i Fusa vart
forhindra møtte Agnar Skåtun frå deira
kommune.

Åpningsballen besto av
Elin Gullaksen, Bergen Golfklubb
Samson Bjørke, Bjørnefjorden Golfklubb
Peter Namtvedt, Meland Golfklubb
Inger Gerny Lind, Bergen Golfklubb

Første lag meisterskap blei halde på 6
hols banen 21.september 1995:
Dei første klubbmeistrane blei:
Dame
Eldbjørg Stor-Re...42 slag
Barn u 12 år
Christian Grindevoll...51 slag
Herre 19-35
Ove Skeie...41 slag
Herre 36-59
Arne Totland...35 slag
Herre over 60
Samson Bjørke...33 slag



Samson Bjørke, ordfører Dyrdal og Svein Setersdal ved den offisielle åpningen.

Endeleg den 18. juli 1998 blei 9 hols banen opna og deretter slopa i august 1999. To veker etter opninga, fikk Erik Just Olsen lykketreff og klubbens første Hole in One kunne noteras.

Seniorgruppa byrja allereie frå banane stod klar, med faste treningskveldar. Noko som var naturleg, då det først og fremst var dei som stod for bygginga av banen. Gruppa har utvikla seg som ein av dei aller beste og største i Noreg, og har henta heim mange trofear og gjort klubben kjend langt ut over landegrensa.

Seniorane hadde regelkurs etter kvar treningskveld med Trond Hansen – kjempebra!

Første "Peggen" kom ut i 1998, og som redaktørar var Odd Sigurd Hansen og Trond Hansen.

Den flittigaste fotografen gjennom perioden har vore Odd Sigurd Hansen som i dag sit på fleire gode historiske og verdi fulle bilete frå denne tida.

Dei neste 5 åra av klubbens historie

AV ERIK JUST-OLSEN

År 1999.

Æresmedlem, grunneigar og motor Samson Bjørke trekte seg ut av styret i 1999 for å bruke tida til å verta ein meir habil golfspelar.

Men green keeper, Brian Young, kom ikkje attende og Samson måtte nok ein gong setje køllene til sides for å ta et tak på bana med sin eigen gravemaskin. Han leia banearbeidet og særleg mykje vert utførd vinter og vår. Dugnads arbeid var avgjerande for framdrifta av golfbana, sjølv om nokon klage på mykje GUR områder om våren.

Klubben utvikla seg raskt og det var særleg krevjande å driva han på dugnad. Medlemstalet veks til heile 894 og det vert



Ordfører Geirmund Dyrdal slår ut første ball ved den offisielle åpningen.

bruk for fleire stillingar i administrasjonen for å gje god service til medlemmar, gjestar og sponsorar. Ein sekretærar hadde hatt særleg travle dagar i 50 % stilling med så mange medlemmar og utbygging av bane og klubbbhus. Men 1. mai 1999 fekk klubben dagleg leiar på full stilling. Det vert jobba godt i alle komiteane. Tillitsmenn gjekk på heile 18 forskjellige kurs i NGF regi.

Inntektene auka til heile Mill 2,8 NOK og mykje vert brukt på å gjera banen og klubbbhuset betre.

Klubben fekk opp ei heimeside og kunne kommunisere meir med medlemmane.

År 2000.

Klubben tilsette Arne Håkon Rød som green keeper. Han skifta ut og fornøya store deler av maskinparken og fekk til mykje godt vinterarbeid, spesielt på hull 4 og 5. Arne Håkon takka ja til ein ny stilling i Os Kommune på våren og Brian Young vart på nytt engasjert som green keeper.

Medlemstalet auka til 918 medlemmar og det vart stor aktivitet i klubben. Tillitsmennene deltok på heile 22 stk kurs i NGF regi.

På årsmøte vart det stor interesse om utviding eller bygging av 18 hols golfbane i nærleiken. Fleire forslag vart drøfta. Ein representant frå NGF konkluderte med at det førebels ikkje var areal nok på Hauge. Styrets forslag til 18 hols golfbane på Moldegård/Bjånes vann dermed med 27 stemmer. Årsmøte bad golfkontakten for Os Kommune å sjå på dette forslaget vidare utan at klubben skulle bruke pengar eller resursar i prosessen.

År 2001.

Brian jobba som green keeper og det vart utført mykje arbeid på green nr 5. Greenen var utfordrande og opna om sommaren. Ny og stor green på hol 3 vart også påbegynt.

Medlemstalet auka til 966. Mange spelarar hadde stor framgang og vi kunne gratulera vår fyste landslagsspelar Øystein

Engevik. Han fekk også Hordaland Fylkes idrettsstipend på kr 25.000.

NGF held leiar kurs i Grønt Kort og turneringsleiing i klubhuset og mange tillitsmenn deltok.

År 2002.

Vår hyggelege og dyktig green keeper Bjørn Bergstø vert tilsett. I tillegg til mykje grovarbeid, fekk han også tid til å starte "pynting" av golfbana. Heile 60 lass med fin USGA standard sand vert kjøpt og saman med fleire nye maskinar blei Bjørnefjorden endeleg omtala som ein god og vakker golfbane. Ny flott green på hol 3 vart opna. Ein strategiplan vart vedteke på årsmøte og denne syner at mykje godt arbeid ennå gjenstår på bana.

Trivelege og godt utdanna Anita K. Egge vart tilsett som sekretær i 50 % stilling. Ho førar regnskapen, ser til at kasser og økonomi er i orden, og har stor kontaktflate ut mot medlemmane.

Det vart innleia eit samarbeid med Fana, Meland og Bergen Golfklubb på etikette, marshall reglar og noe felles innkjøp.

Mange medlemmar trivast godt i klubben. Eit medlem gav ein flott skulptur i marmor på sokkel som gåve. Fleire medlemmar og firma gav pengar til opparbeiding og pynting rundt klubhuset.

Øystein Engevik fortsette på landslaget og spelte på Noregs lag i Spania. Herre- og dame - gruppa deltek i NM for lag.

Aktivitetene er mykje høg og inntektene auka til Mill 3,6.

År 2003.

Bjørn fortsette med finish på banen. Saman med dei over 100 medlemmane som deltek på duggaden i april, vert bana særleg bra dette året. Dessverre vert det nokon balltreff på personar og bilar og klubben måtte setja opp fleire sikkerheits nett. Hausten var særleg våt og vi møtte ikkje så

mange spelarar som tidligare på banen.

Sportsleg vart det meir framgang.

Klubbens nye talent, 13 år gamle Thomas Alvsaker vann Bjørnefjorden Open.

Øystein Engevik hadde ein god vårsesong og låg ei stund på 4 plass på Order of Merit. Damene byrja også å vinna, medan seniorane vart mest å sjå på resultat listene på dei forskjelle ge klubbane i landet. Det vart heile tre senior spelarar på topp 10 lista i klasse ein i NSG.

Trevelege Carina og Andrew hadde vore klubbens ansikt utand i 7 år. Nå flytta de til Danmark og vil bli høgt savna av medlemmane.

År 2004.

Golfklubben er no 10 år. Det vart pynta mykje på bana i vinter og mange medlemmar og gjestar har lovord om det som har vært utførd.

Fana golfklubb opna dette året og Bjørnefjorden har merka konkurransen godt. Nokre medlemmar har flytta til Fana og trafikken på bana har vært låg på våren, men tatt seg opp noko på hausten.

Året har vore særleg godt sportsleg. Vi fekk ein ny landslagsspelar ved Solveig Helgesen på berre 13 år. Ho var med for Noreg i Tinus Cup da dei slo Sverige klart. Heile 4 spelarar frå seniorgruppa fekk også spela landskampar. Arne Totland mot Danmark, John Lepsøy mot Tyskland og Arne Håkon Rød og Jan Hjelle mot Sverige.

Herre- og dame - gruppa spelte godt i lag NM. Klubbens einer Øystein Engevik, vann den fyste AMA Touren som klubben har fått tildelt av NGF.

Det er no samtalar med grunneigarane om fornying av leigeavtalen og utviding av denne for å gjera banen betre og lengre.

Styrene i Bjørnefjorden Golfklubb

1995/1996

Styreformann Samsom Bjørke
 Nestformann Kjell Aarbakke
 Kasserar Øystein Bjørgo
 Sekretær Stig Nilsen
 Styremedlem Inger Kobbeltvedt

1997:

Styreformann Samson Bjørke
 Nest Formann Dagfinn Hatvik
 Kasserer Eva Mostraum
 Sekretær Stig Nilsen
 Styremedlem Agnar Skåtun
 Styremedlem Eivind Storhaug

1998:

Leiar Samson Bjørke
 Nestleiar Dagfinn Hatvik
 Styremedlem Eldbjørg Stor-Re
 Styremedlem Agnar Skåtun
 Styremedlem Eivind Storhaug
 Styremedlem Erik Just Olsen

1999:

Leiar Wenche Småberg
 Nestleiar Osvald Nordvik
 Styremedlem Jarle Lyssand
 Styremedlem Eldbjørg Stor-Re
 Styremedlem Agnar Skåtun

2000:

Leiar Osvald Nordvik
 Nestleiar Elsa Marie Lunde
 Styremedlem Jarle Lyssand
 Styremedlem Hans Kristian Borgen
 Styremedlem Nils Kristian Lygre
 Styremedlem Eldbjørg Stor-Re
 Styremedlem Helge Adland
 1.vara Thor Andre Nordvik
 2.vara Wenche Småberg

2001:

Leiar Elsa Marie Lunde
 Nestleiar Nils Kristian Lygre
 Styremedlem Trygve Mildestveit
 Styremedlem Elbjørg Stor-Re
 Styremedlem Hans Kristian Borgen
 Styremedlem Wenche Hafstad Småberg
 Styremedlem Thor Andre Nordvik
 1.vara Norvald Kobbeltvedt
 2.vara Harald Hjelle

2002:

Leiar Elsa Marie Lunde
 Nestleiar Thor Andre Nordvik
 Styremedlem Trygve Mildestveit
 Styremedlem Hans Kristian Borgen
 Styremedlem Wenche Hafstad Småberg
 Styremedlem Harald Hjelle
 Styremedlem Kjersti Bjørke
 1.vara Tord Færøy
 2.vara Norvald Kobbeltvedt

2003:

Leiar Thor Andre Nordvik
 Nestleiar Harald Hjelle/Tord Færøy
 Styremedlem Hans Kristian Borgen
 Styremedlem Junni Thuen
 Styremedlem Kjersti Bjørke
 Styremedlem Øyvind Heggland
 1.vara Eli Hatvik
 2.vara Vidar Øvreeide

2004:

Leiar Ove Lind
 Nestleiar Tord Færøy
 Styremedlem Junni Thuen
 Styremedlem Øyvind Heggland
 Styremedlem Atle Vågstøl
 Styremedlem Sverre Marcellius
 Styremedlem Susan Heggland
 1.vara Vidar Øvreeide
 2.vara Kari Skage